



Norconsult AS
Postboks 626
1303 SANDVIKA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2208 - 18/24982

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
30.11.2018

Godkjenning - løyve til riving og igangsetjing av resten av tiltaket Gbnr 24/8 Langeland

Administrativt vedtak. Saknr: 320/2018

Tiltakshavar: Ivar Øvretvedt

Ansvarleg søkjar: Norconsult AS

Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan – og bygningslova (pbl) § 20- 1 , jf. § 21- 2 , 5. ledd.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting for resterande delar av tiltaket –riving av eksisterande bustad på Gbnr 24/8 på Langeland og oppføring av ny einebustad.

Kommunen har i vedtak av 15.05.2018 gjeve rammeløyve. Det vart tidlegare gjeve igangsetjingsløyve for grunn- og terrengarbeid den 20.08.18.

Det vert elles vist til søknad motteken 23.11.2018.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett og klar for handsaming den 23.11.18 og mangla dokumentasjon for tilkopling til kommunalt vatn – og avlaup. Manglande opplysningar vart motteke her den 29.11.18 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak(SAK10) § 7- 1 ,1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå dato når søknaden vert komplett, jf. SAK1 0 § 7- 2.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse:

Kommunen legg søkjars vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse1 .

Ansvarsrettar

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan versjon 3, dagsett 23.11.2018, vedlagt søknaden.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av Pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for for riving og resterande delar av tiltaket – oppføring av bustad på Gbnr 24/8 på Langeland i samsvar med søknad med vedlegg motteke 23.11.18.

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av Pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan dagsett 23.11.18, jf pbl § 23-3.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. Matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf. pbl § 21-9.

Meland kommune godkjenner vidare at bustad på gbnr 24/8 vert tilknytt kommunalt vass- og avlaupsanlegg i samsvar med søknad, journalført motteke 29.11.2018 på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.
- Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.
- Tilknyttinga skal skje i kum. Ta kontakt med kommunen si driftsavdeling for tilvising av plassering. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast til kommunen når tilknyttinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2018 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000, og for avlaup kr 20 000 - pluss mva, per bueining.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf. pbl § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter og plan- og bygningslova»

Faktura på tilknytingsgebyr og gebyr for sakshandsaming vert ettersendt til tiltakshavar.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/2208.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen.

Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det gebyr i saka ettersendt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Saknr. 96/2018 - Enebolig Bustølvegen 34 - søknad om IG
Følgeskriv
Gjennomføringsplan(29)
Erklæring ansvar Jon A Nygård - Murer

Vedlegg:

Erklæring ansvar Lindås Rør - Rørlegger

Erklæring ansvar_Langenes Bygg

Erklæring om ansvarsrett _Riving

Erklæring ansvar H Sandvik - Betong

Erklæring om ansvarsrett- Karsten Strand

Kopi til:

Ivar Øvretvedt

Kirkegaten 49

5036

BERGEN

Mottakrar:

Norconsult AS

Postboks 626

1303

SANDVIKA